


DET NORSKE TEATRET



En forfriskende pause



DRIKK

Coca-Cola

REG. VAREMERKE

ISKALD

Autorisert tapperi:

Jarlsberg Mineralvann A/S

2159149120



Likar De å følgje med?

**Få
syn for segn
les**



Det største allmenne tidsskriftet i landet


OPPLAG I DAG: 15 000 — STADIG I FRAMGANG

10 hefte i året på til saman om lag 570 sider. Årspengar kr. 24,00 — for studentar og skoleelevar kr. 18,00 ved tinging direkte til forlaget. Tidsskriftet kan tingast for skoleåret eller kalenderåret. 10 års tinging kr. 200,00.

Kristian Augusts gate 14 — Oslo 1
Postgiro 87 02 — bankiro 75/659

det norske samlaget

1891 - 75 ÅRS JUBILEUM - 1966




REDNINGSSKØYTENE
reddet i 1965 39 mennesker
fra drukningsdøden, og var
til hjelp for 3842 mennesker.

STØTT SJØFARER — AKSJONEN

**Send ditt
bidrag
til**

NORSK SELSKAB TIL SKIBBRUDNES REDNING

Wesselsgt. 8. Oslo - Postgiro 500 026 Bankgiro 900 026/51



„KJÆRLEIKSHAGEN”

„TRE PANTOMIMER”

Libretto, koreografi og regi: HENRYK TOMASZEWSKI

Regiassistent: OLA B. JOHANNESSEN

Dekor og kostyme: HELGE HOFF-MONSEN
JERZY LAWACS
KAZIMIERZ WISNIAK

Inspisient: KRZYSZTOF SELIGA

SESONGEN 1966/67

Vinleggere

1. kl. druesaftkonsentrat for vinlegging gir rødvin til ca. kr. 1,50 pr. fl. og madeira, tokayer, portvin, sherry og vermouht til ca. kr. 2,00 pr. fl. Be om brosjyre.

Dr. O. N. HEIDENREICH

Kjem. lab. — Grønland 2 Oslo 1 - Tlf. 68 10 55

Fagleg nytt

frå alle greiner av landbruket får De gjennom tidsskriftet

„NORSK LANDBRUK“

Gå til postkontoret i dag og bli abonnent!

Ttygd og ver trygg

Norsk Trygdeagentur L/L

teiknar alle slag skadetrygdingar for hus, heim
og bil m. m.

Trygde-luflaget
Gidsvoll

Haakon VII's gate 2. Telefon 415900



STANISLAW BRZOZOWSKI, 28 år, har vore hos Henryk Tomaszewski på Wroclaw Pantomimeteater sidan starten i 1956. Han er óg kjend frå mange turnear til Paris, Roma og Athen, og i Canada og Amerika.

TORSDAGSTEATRET


Det Norske Teatret tar i haust opp att ein plan som vart lansert for to år sidan med premièren på «Kongen døyr» av Eugène Ionesco. På grunn av sjukdom vart stykket tatt av plakaten etter premièren, og på grunn av mange praktiske vanskar måtte «Torsdagsteatret» leggjast på is.

Tanken med «Torsdagsteatret» er å gje scenekunst av så eksklusiv karakter at han berre vender seg til eit mindre publikum. Dels vil der bli framsyning av ny og besettande dramatikk, dels eksperimentering med teaterformer, dels skal «Torsdagsteatret» vera eit forum for nye norske skodespel, både av eksperimentell og av tradisjonell art, stykke som ikkje utan vidare kan appellere til eit stort publikum, men som fortener å bli spela, og som bør spelast for å gje norske dramatikarar vekstvilkår.

Måtte så «Torsdagsteatret» få ein betre lagnad enn sist.

T. S.






HENRYK TOMASZEWSKI

I Polen skjer det spanande ting for tida. Gong på gong får vi filmar derfrå som vitnar om original skapande kraft og artistisk raffinement. I eit gammalt europeisk kulturfolk med rike tradisjonar blømer ny kunst som få andre stader i verda. Teatret, i Warszawa, i Krakow, i Wroclaw, utviklar seg på ein dynamisk og vital måte. Midt i denne nyskaping står Henryk Tomaszewski, skaparen og leiaren av det verdskjende Wroclaw Pantomime-teater, som har feira dei største triumfar, både heime i Polen og på ei rad Europa-turnéar, og på ein lang Amerika-turné i fjor. I september skal han gjeste ved festspela i Edinburgh.

Det er ei ære for Det Norske Teatret at denne nyskapande kraft i europeisk teaterliv tar seg tid til å arbeide her mellom dei store slaga ute. Vi som har sett hans arbeid på nært hald, først som pantomimelærer for ensemblet, deretter som pantomimekoreograf, er overtydde om at denne innsatsen blir ein impuls med varig verknad. Hans boblande sceniske fantasi, hans strenge, presise uttrykksmåte, stilisert, men alltid med konkret utgangspunkt i livet og kvardagen, har vore ein inspirasjon for oss alle. Han representerer noko som norsk teater treng i dag, og vi vonar at han også i framtida vil finne vegen attende til oss.

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Tomaszewski', written in a cursive, flowing style.

PANTOMIME PÅ NORSK

På våre nordlege breiddegrader er pantomimen kjend berre som ein sjeldan fugl på gjesting frå gamle kulturfolk med lang, ubrotten teatertradisjon. Denne første sceniske forma der kroppsrørsler og mimikk bli så uttrykksfulle at ordet ikkje får nokon funksjon, har aldri vore prøvd her.

Vi prøver det no, for første gong i Skandinavia, først og fremst fordi vi har pantomime-meisteren Henryk Tomaszewski på teatret, dernest fordi vi trur at også våre norske scenekunstnarar under den rette leiing meistrar denne forma, og at dei dermed får verdfulle impulsar til sitt daglege arbeid med dramatisk teater og ballett.

Også for det publikum vi vender oss til med «Torsdags-teatret», må det vera eit interessant byte på kosten i det norsk teater byr på.

Framfor nokon annan har Henryk Tomaszewski arbeidd med pantomimen som *ensemblekunst*. Store individuelle pantomimekunstnarar, franskmannen Marcel Marceau og israelaren Sammy Molcho, har gjesta Oslo. Tomaszewski kunne òg, som den eminente pantomimikaren han er, utan tvil laga eit strålende «one man show». Men han arbeider i staden med andre – med sin fantasi, sin sans for rytme og skulpturelle grupperingar fyller han scenen med fortetta spaning og atmosfære.

To av pantomimene på programmet vårt har vore presenterte før – på Tomaszewskis eige pantomimeteater i Wroclaw i Polen – «Kjærleikshagen», ein parafrase over mange ulike seder ved kjærleikslivet, og «Kjolen», som byggjer på eit japansk «No-spel», og som etter japansk Kabuki-tradisjon blir spela av berre menn. Den tredje, «Bagasjen», får urpremière, og har som grunnlag novella «Franz Pander» av Herman Bang.

Ikkje berre hovudinspiratoren bak desse tre pantomimene er polsk. Han har med seg to teatermålalarar: Kazimierz Wisniak har ansvaret for dekor og scenebilette i «Kjærleikshagen», Jerzy Lawacz i «Kjolen». Og i «Bagasjen» har den unge norske teatermålaren Helge Hoff-Monsen si første oppgåve på ei norsk scene; også han har polsk utdanning, frå Akademiet i Krakow.

Den store polske pantomimikaren Stanislaw Brzozowski spelar med i «Kjolen».

Vi ynskjer alle våre norske og utanlandske gjester velkomne på Det Norske Teatret.

Tormod Skagestad.



Frå ei sceneprøve på «BAGASJEN»,
med Mette-Marit Sem-Andersen, Anita Rummelhoff,
Ola B. Johannessen og Ulrikke Greve.



Kostymeskisse til «BAGASJEN»,
teikna av Helge Hoff-Mönsen.

EI INNFØRING TIL DEN FYRSTE NORSKE PANTOMIMEFRAMSYNINGA

Den interessa som pantomimekunsten vekkjer, er utan tvil uttrykk for trongen til å gå attende til kjeldene åt teatret, der skodespelarkunsten manifesterer seg i sin reine framburd og skapnad. Dette kan skje takka vera det faktum at vi i dag har ein skule å byggje på, og at pantomimen såleis kan sikre seg ein fast plass innan scenekunsten. Meir og mindre kjenner ein «le mime pur» til Etienne Decroux – og særleg geniet Marceau, som går sine eigne, solistiske vegar i moderne pantomime.

Men eit pantomimeteater vil noko meir enn å reprodusere stiløvingar. Mimodramaet treng den store litterære idé, å lyfte gestekunsten til komprimert drama. Sjølvsaugt må pantomimen halde på sin eigenart vis-à-vis litteraturen. Til sjuande og sist er litteraturen her berre ein kime til realisering av indre visjonar.

Eit mimodrama er til ein viss grad eklektisk, for det inneheld også element som er eigne for andre teaterformer (musikk – dans – dekor – kostyme – maske – lys). Men det må ikkje bli noka opphopping av uttrykksmiddel. Mimen må bli til røyndom som sjølvstendig skaparverk, basert på full kontroll over alle tekniske uttrykksmiddel i kroppen og innkopling av alle kroppens åndelege krefter.

Pantomimen kjenner ingen retorikk. Dei ting vi ser på scenen, eksisterer berre objektivt, også musikken – fyrst i møtet med mimen skaper dei ein atmosfære.

Medan balletten byggjer på renessansens idé om venleik og organisasjon, står pantomimen på eigne, konkrete føter: den menneskelege kamp for å eksistere. Det er ein kamp med sanninga om seg sjølv. I det vi legg frå oss maska vi ber til dagleg, blir pantomimen sanseleg – fysisk – psykologisk – til provoserande kunst. Det stereotype riv ein drastisk over ende

Framhald side 21.

„KJÆRLEI

«Tre par

Libretto, koreografi og regi:

Regiassistent: OLA

„BAGA

Inspirert av «Franz Pander»

Musikk: B. Pergole

Dekor og kostyme:

FRANZ

MOR HANS

MARKISE }

PASJE }

AMOR }

PSYKE } Barndomsvisjonar

ROSEDAME }

KAVALER }

KELNERANE

STUEJENTA

MRS. ELINOR

MANNEN HENNAR

DEN BLONDE DAMA

GATEJENTA

EVNUKKEN

BANKETTgjester: Anita Rummelhoff – Sidsel Ryen – Eva

Hotelltenaren Franz Pander står framfor sjølvmordet. Enno ein sett av ein skilde delar lagar det seg eit monument over tilværet hans fører frå barndomens forundring, pubertetens pinefulle – heilt til han vend

Pa t

KSHAGEN”

tomimer»

HENRYK TOMASZEWSKI

B. JOHANNESSEN

ASJEN”

ei novelle av Herman Bang

ese «Stabat Mater»

Helge Hoff-Monsen

.....	Ola B. Johannessen
.....	Ulrikke Greve
.....	Sidsel Ryen
.....	Anders Lien
.....	Paul Christiansen
.....	Marit Sekkingstad
.....	Anita Rummelhoff
.....	Darryl Paes
.....	{ Erland Blakstad
.....	{ Torgeir Fonnlid
.....	{ Birger Thurn-Paulsen
.....	Mette-Marit Sem-Andersen
.....	Tove Hauge
.....	Robert Ivey
.....	Sidsel Ryen
.....	Anita Rummelhoff
.....	Robert Ivey

Seliga – Anders Lien – Darryl Paes – Krzysztof Seliga

gong passerer bilete frå livet forbi han. Som ein collage saman-
t hans. Tid og rom blir utsletta som i ein draum. Lidingsvegen
konflikt mellom ideal og profanering, gjennom vonbrot og hemn
er seg bort frå livet.

u se

„KJÆRLEIKSHAGEN”

Basert på allegoriske pantomimer frå barokken

Musikk: W. A. Mozart

Dekor og kostyme: Kazimierz Wisniak

HAN Ola B. Johannessen

HO Mette-Marit Sem-Andersen

og Ulrikke Greve, Tove Hauge, Vigdis Melsom, Marit Sekkingstad, Eva Seliga, Erland Blakstad, Torgeir Fonnlid, Arild Hammer, Henrik Hernæs, Robert Ivey, Paul Christiansen, Anders Lien, Darryl Paes, Krzysztof Seliga, Birger Thurn-Paulsen.

P a u s e

„KJOLEN”

Eit mimodrama, omarbeidd etter japansk motiv

Musikk: Juliusz Luciuk

Dekor og kostyme: Jerzy Lawacz

FØRSTE MUNK SKREDDAREN VERTEN	}	Ola B. Johannessen
ANDRE MUNK KJØPMANNEN	}	Birger Thurn-Paulsen
MANNEN		Stanislaw Brzozowski (Torgeir Fonnlid)
KONA HANS		Robert Ivey
SKREDDARSVEINEN		Erland Blakstad
TROLLMANNEN		Henrik Hernæs

To munkar er på vandring. Dei kviler seg på ein kyrkjegard. Der heng ein kjole på eit tre – det siste vitne om eit drama som har utspela seg mellom tre menneske.

Mannen kjøper stoff hjå kjøpmannen og tingar kjole til kona si hjå skreddaren. Medan han syr, forelskar skreddarsveinen seg i den ukjende kvinna. Så får han trollmannen til å overføre denne kjærleiken på kjolen. Pantomimen fortel om dei følgjene dette får.



Kostymeskisse til «KJÆRLEIKSHAGEN»,
teikna av Kazimierz Wisniak.

PANTOMIMEN I HISTORISK PERSPEKTIV


Det mimiske element er ei av dei eldste og sterkaste røter i all skodespelkunst. Med rette forkynte den første store teaterreformatoren i dette hundreåret, Gordon Craig, at «Far til skodespelaren er dansaren». Og det er i siste mannsalderen knapt noka grein av teatret som har blømt så rikt og mangslunge som det stumme rørslespelet, anten dette ytrar seg i dans eller i rein pantomime, baa i samspel med musikken.

Medan antikkens greske teater i rik mon nytta det pantomimiske i sine sterkt skiftande kordansar, var det Roma som – etter det ein veit – først reindyrka pantomimen og ga denne rang som sjølvstendig kunstart. Etter det søga har gøymt, skulle det vera skodespelaren Pylades frå Cilicia som i året 22 f. K. først demonstrerte og grunna pantomimeteatret i verdsbyen. Han dyrka både den tragiske og den komiske genre, medan medtevlaren, Bathyllus, var ein meister i å få folk til å le. Baa vart dyrka og feterte som kunstnarar av høg rang, og mange utsegner av kjende romarar tyder på at pantomimen var halden for det finaste uttrykksmiddel teatret hadde å by på.

I mellomalderen vart pantomimen dyrka av omfarande jocularos, men kom til heider og verd att først med dei italienske maskeskoedspelarane på 1500-talet, som improviserte alt slag løgje stumspel i mellom dei like improviserte talescenane. Med balletten – og særleg da i den som appellerte til låtten – fekk pantomimen ny utfalding. Men etter som dansen her vart meir og meir einerådande, gjekk det pantomiske tilbake i den klassiske balletten, for først å vinne nytt forum i våre dagar.

I det realistiske og naturalistiske skodespelet var det liten plass for stumt rørslespel, men det er verdt å merke seg at Strindberg i sitt mest typiske naturalistiske drama, «Frøken Julie», la inn ein rein pantomimisk scene for hushjelpa Kristin, når denne, under si spartanske frisering, lever med i jonsokdansen ute på tunet.

Framhald side 22.



Kostymeskisse frå «KJOLEN», teikna av Jerzy Lawacz.

Uddrag av «FRANZ PANDER»

av Herman Bang:

En Tirsdag Aften gik Franz i Teatret. Ud til Carl Schultze at se en Operette.

Det var en tyrkisk Historie om en Prinsesse.

Det var en tyk Eunuk med udstoppet Mave; han gjorde Elskovsfagter saa hele Huset hvinede. De kaldte ham frem og frem, og han gjorde sine Fagter om, stadig kaadere, og sang sin Vise igen:

*Aber – es hat keinen Werth –
Es hat keinen Werth.*

Franz sad i Mørket i en Loge. Han lagde Hovedet tilbage mod Væggen og græd.

Da Akten var forbi, gik han.

Han skraaede ned mod Gänsemarkt og ind i en af Gyderne i det Kvarter. Han blev der om Natten.

Men da han vaagnede henimod Morgen og saå hende ved Siden af sig i Tusmørket, fo'r han op og løb derfra.

Han følte en Væmmelse, som kunde han udspy sig selv. Han brændte, og hans Hoved smertede. Ækelheden kvalmede ham, saa han stønnede.

Han gik hjem, men i Seng vilde han ikke. Ad Bagtrappen sneg han sig ned i Restauranten.

Det var begyndt at blive lyst, og en graa Dæmring faldt ind gennem Glastaget.

Franz satte sig paa Stentrappen med Hovedet i sine Hænder.

Og mens han sad her stille foran dette Rum, Vidnet til hans Liv, gled alting ud i en dyb og bundløs, en ubeskrivelig Lede.

Han saå langs Balustraden – Stolene var stillet op paa Bordene, de halvskidne Duge laa bredt derover... De kunstige Palmer struttede døde op i deres Majolikapotter.

Franz havde ingen Tanke, følte ingen Smerte. Men i hans Sind kom der op noget som en bedøvet Forbavselse over, at dette var Livet.

*Tre pantomimer – tre teatermälarar:
Helge Hoff-Monsen, Jerzy Lawacz, Kazimierz Wisniak.*



ved å modellere pantomimen direkte frå den menneskelege organismen – kroppen – andedraget – musklane og deira funksjonar.

Pantomimen står nærast det kultiske teatret som vil reinske opp ved å profanere menneskelege verdiar – eit uttrykk for protest mot utskjemming av normene. Eg kjenner at eg ligg under for ein tvang som fører til ein dialektikk av spott og apoteose.

I dag har ordet mist sitt verd når det gjeld å uttrykkje viktige ting. Vi trur ikkje lenger på ordet. Moderne litteratur stammar, mennesket som er redusert i sin samfunnsfunksjon stammar, mennesket som er redusert til fortvilning stammar. Den organisk følbare kontakt til pantomimen kan bryte ned desse barrierar av mistru.

Pantomimisk framstilling er eit partitur, det vil seia at rolla i ein mime stadig blir kasta fram og attende mellom spenning og avspenning, mellom dynamikk og lek. Opphavet til den dramatiske pantomimen er eit ego spalta i to, tre eller fleire delar.

Pantomimen er også ein musikalsk kunst. Ein indre rytme dikterer rørslene – gjev målestokken for rørslene, og poesien i dei. Mimen tolkar ikkje musikken – mimen bør møte musikken i indre sfærar.

Utgangspunktet for eit mimodrama er alltid eit konkret særhende, som ein så prøver å gjera allment. Ein slutt i pantomimen kan berre vera døden (der all rørsle stoggar) – eller ein overgang som skal framkalle ei kjensle av endeløyse hjå tilskodaren. Drivkrafta i all åtferd er ein evig trong hjå alle menneske, ein trong vi ikkje kan fri oss frå. Trongen til å ta av vår eiga maske, tre ut av og ofre vårt ego – omskapingprosessen i mennesket som kastar det inn i stadig nye tilhøve – ei opphoping av tilfeldige hendingar, som framkallar ei dramatisk handling og samstundes sprengjer henne. Slik står mimen i ein stadig metamorfose av røyndom og transcendens.

Mine sentrale motiv er det forgjengelege og offeret. Sidan vår eksistens er forgjengeleg, kan også forma som framsteller vår eksistens berre bli fullgod ved kvileause skiftingar og evig, uroleg søking.

Jamvel om pantomimen er ei sjølvstendig kunstform, øver annan kunst sin innverknad. Men samstundes representerer pantomimen noko heilt nytt.

Utan at kunstnaren ofte veit det sjølv, andar han inn lufta frå det vide kontinent som gav han liv. Han overtek summen av det tradisjonen veit om menneske. Fyrst etter at eit verk er fullført, underkastar han det ein korrektur «bakover», og ser kor mykje som har runne inn i verket frå andre kjelder. Derved oppdagar han også nye perspektiv.

Henryk Tomaszewski.

Framhald frå side 17.


Først i siste tiåra har pantomimen på nytt stige fram som sjølvstendig kunstart. Franskmannen Marcel Marceau har utvikla den individuelle pantomimen til høg kunst; på stutt tid har han vunne seg eit stort internasjonalt publikum, og mange har følgd i hans fotefar. Pantomime-skodespelaren har den store føredomen at han kan vende seg til og bli forstått av alle folkeslag. Derfor er hans forum det mest allmennmenneskelege av alt slag teater.

Ensemble-pantomimen har også i seinare år fått vind i segla. Førre og etter siste krigen var den tyske Joos-balletten, ein talentfull førelaupar, som særleg gjorde furore med sin mimiske parodi på dei som kjøpslår om framtida til menneskja kring «Det grønne bordet». Det ser ut til at alt det absurde som plagar menneska i dag betre let seg tolka med dei hjelperåder som ligg bakanfor tungemålet enn med dette. Før ordet og målet vart til eksisterte gesten, den meiningsfylte rørsla. Pantomimeteatret har synt at just denne botnar i djupare, kanskje undermedvitne lag i mennesket, enn tungemålet ennå har greidd å finne uttrykk for.


Olav Dalgard.

PÅ SPELPLANEN —

I kulturveka sist i september spelar Det Norske Teatret «— som ein ange av blomar» av James Saunders, «Kjærleikshagen» – tre pantomimer av Henryk Tomaszewski og «Et dukkehjem». 28. september får «Othello» premiere med Earle Hyman i tittelrolla. Som Iago får vi sjå Espen Skjønberg, no fast tilsett på Det Norske Teatret. Etter Shakespeare kjem «Tango» av Slowomir Mrozek og «Blues for Mr. Charlie» av James Baldwin. «Taremareby» blir òg spela nokre gonger i haust.



Frå ei scenepøve på «BAGASJEN»,
Anita Rummelhoff og Ola B. Johannessen.




Alltjenst Rengjøringsbyrå

TELEFON 41 20 31

UTFØRER ALT I VASK OG VINDUSPUSS

Rydding av loft og kjeller – Faste oppdrag mottas

GRILLSTOVA



**Bonde-
ungdomslaget
i Oslo**

Ekstra god mat til rimelege prisar.
Internasjonalt kjøken og norske
spesialitetar. – Alkoholfrie vinar.

*Midt i sentrum: Rosenkrantzgt. 8, 1. høgda,
100 m opp frå Karl Johan.*

Ope kvardagar kl. 9–23

Norges Kjøtt- og Fleskesentral

OPPRETTET 1931

Landsomfattende produsent-organisasjon for omsetning av slakt,
livdyr, ull, huder og skinn

17 tilsluttede slakteri-organisasjoner med 108 000 medlemmer

